



Nr 4 - OKTOBER 2024
ÅRGANG 47

FITJAR KYRKJEBLAD



**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 913 47 802
kyrkja@fitjar.kommune.no
<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontakt oss:

Kyrkjeverje

Harald Rydland 913 47 802
hary@fitjar.kommune.no

Kantor:

Jan Overweg 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Olav J. Oma 906 38 825
olaoma@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562
rama@fitjar.kommune.no

Kontomedarbeidar

Elisabeth S. Oma 452 74 335
eson@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488
kjetil@fitjarkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Svein Lunde 971 59 009

Nestleiar sokneråd:

Anne Marie Røed 924 66 405

Leiar diakoninemnd:

Annbjørg Stjern Tvedt 470 18 264

Bakken barnehage:

Serina Sørffonn 902 27 978
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver:

kontonr. 3546.29.05805
VIPPS: #23412 - FITJAR SOKN

Framsidedfoto: Gudsteneste i Moahagen
Olav J. Oma

Redaksjonelt



Kven er vi?

På Statistisk sentralbyrå sine sider så kunne vi i haust lesa at Fitjarbuen er glade i å gå til kyrkje. Så glade er vi i gudstenesta at berre innbyggjarane i Hægebostad er oftare å finna i Guds hus. Meir enn 6000 menneske var med og feira søndagar og høgtidsdagar i 2023. I snitt gjekk vi 2, to, gonger.



Olav J. Oma

Då vi var samla til prostidag i Sveio i september, snakka vi i stab og sokneråd, om dette at gudstenestene våre er ein bit av biletet av kven vi er. Søndag føremiddag er aldersnittet relativt høgt, men ser vi på vekene, blir biletet eit anna.

Gjennom dåp, babysong, småbarnstreff, konfirmantsamlingar, Vidare(15-18), KRIK og Tentreff (13-18) i samarbeid med bedehuset), når vi mange av dei yngre. Desse er ikkje rekna med i tala til SSB. Gjennom temakvelder, diakoninemnd, kyrkjekor, open kyrkje, gravferd og bryllaup møter vi endå fleire.

Det er forresten ikkje alltid høg alder på gudstenestene heller, for eksempel på søndagsskulens dag, hausttakkefest, ved utdeling av 4-årsbok, presentasjon av nye konfirmantar, ser vi barn og unge myldra i kyrkja vår. Vi gler oss over alle som finn ein plass her.

Når vi har samling med konfirmantane, teiknar vi krossen framfor oss. Den skal minna om at vi er Guds barn. Det er godt for oss å kjenne at vi høyrer til, at vi er viktige, at vi er elska.

I bibelen står: «Sjå kor stor kjærleik Far har synt oss: Vi får kallast Guds born – ja, vi er det!» (1. Joh 3,1)

Så om vi blir spurde kven er vi? Då ynskjer eg at eitt av svara er: Vi er Guds born!



Nytt frå soknerådet

Soknerådet har no godkjent ein plan for utbygging av nytt felt på kyrkjegarden. Men før me startar arbeidet, må saka sendast til Statsforvaltaren som skal godkjenne planane. Saka er sendt over og me har håp om rask behandling. Det er eit firma med erfaring frå slikt arbeid som har laga planen, så me forventar ikkje problem med godkjenning. Deretter skal arbeidet lysast ut på anbod. Me har framleis håp om å få starta opp arbeidet i løpet av vinteren.

Svein Lunde (soknerådsleiar)

Dei fleste har sikkert fått med seg at det har vore mykje skiving i avisa om ei rekning for vassavgift. Dersom denne rekninga skal betalast, så vil pengane bli henta frå det kommunale tilskotet og ikkje frå innsamla midlar.

Olav skriv ein annan stad i bladet om alt det gode arbeidet som går føre seg i kyrkja sin regi kvar einaste veke.

Me har ein liten stab som står på for at arbeidet vårt skal gå etter dei planar me har sett opp, men utan frivillige ville arbeidet vårt stoppa opp. Me har ein stor flokk som gjer ein flott innsats, men me treng fleire!! Har du lyst til å vera med, så ta kontakt med kyrkjekontoret.

Soknerådet har gått inn for å forlenga misjonsavtalen med NMS fram til 31.12.27 for å støtta deira arbeid i Mali. Dette er eit viktig arbeid der NMS i samarbeid med andre driv mellom anna med omsetjing av Bibelen til Fulani. Det blir også drive førebyggjande arbeid for å forhindre omskjering av unge kvinner og barneekte-skap. Fitjar sokn har samla inn mykje pengar til dette arbeidet, og det vil bli nye kollektar i tida som kjem.

Ny dirigent



Benedicte Meyer inspirerer kyrkjekoret denne hausten. Og ho har absolutt inspirasjon å gje til mange fleire. Velkommen i koret! Øving kvar onsdag kl. 19.00

Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 6. des. til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 17. des. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Olav J. Oma (red.)
- Herman Inge Aadland
- Roald Drønen
- Karvel Strømme
- Rolf-Atle Rolfnes
- Marie Willemse

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet



Osternes mannskor 90 år



Det er i år 90 år sidan 21 staute osternesingar møttest i skulehuset på Osternes for å starta mannskor, og då dei gjekk heim den kvelden, var dei samde: «Det skulle startast mannskor i Osternes krins!» Nils Hageberg blei vald til dirigent, og som det står i første referatet: «Dette var eit stort løft... songargloden var tent!»

Karvel Strømme

Det er kosteleg å lesa referata frå den første tida. Gudmund Gloppen skriv: «Så skulle stemmene inndelast, og det gjekk føre seg slik: Dei som skreik høgast, kom på 1. tenor, dei som brumma lågast på 2. bass, og dei som harka og hosta med rema i halsen, var sjølsagde på 2. tenor og 1. bass.»

Songen: «Til bøn for deg vårt dyre land» blei innøvd som prøvenummer, og her skriv Gudmund: «På orgelet fanst nok kryss og b, men hos songarane var det vanskeleg å få halvtonen både inn og ut, og dei som kunne notar utanom dirigenten, kunne teljast på ein fing!» Teksten på songen vart skriven på tavla, og det var songarane sin jobb å notera eller stola på hugsen.

17. mai 1935 skulle koret for første gong syngja offentleg. Det var i Årskog, og koret song «Til bøn for deg» og

«Himlen priser», og sidan gjekk det slag i slag, med lokale og større oppgåver utanfor bygda, som t.d. dei årlege songarstemna, som gjekk på omgang i Sunnhordlandsbygdene. Slike stemne sette alltid kveik i karane, som før stemnet i Uskedalen i 1936. Tida var knapp, og dei streva fælt med eit særnummer. «Verst var det med bassane, dei hadde litt tyngre for å læra, og kunne umogleg finna rette tonen. Men med litt fusk kom me no klar det på eit vis.»

Åra gjekk, og koret tok på seg fleire og større oppgåver. I krigsåra måtte koret ta ein pause, då fleire av koristane måtte ut og tena landet. Det var eit hardt slag for koret då Johannes Sandvik vart arrestert og havna i fangenskap i Tyskland. Men våren 1943 lyste Nils Hageberg til songøving att, og året etter feira koret 10 års jubileum. Det var då dei slakta «Svarte-sauen» og laga lapskaus. Dette var ein sau som vart halden utanfor oppgåvene dei måtte rapportera til tyskarane på Osternes festning, så det var mykje «Hysj-hysj!»

I 1959 overtok Mikal Hageberg dirigent-ansvaret, noko han hadde heilt til 2000, då noverande dirigent Ole Christian Ottestad tok over. Gjennom dei 40 åra som dirigent hadde koret mange og store oppgåver: Konser-

tar, songarstemne, turar både innanlands og utanlands. Mikal var nøye med å notera ned all aktiviteten i koret: Framføringar og song-repertoar, år for år. Dette har sonen Nils, som no er skrivar i koret, halde fram med, og dette er alltid fint å høyra når han les opp årsmeldingane på koret sine årsmøte.

Året 2000 vart eit vendepunkt for koret, for då overtok Ole Christian dirigentansvaret. Vi merka snart at den nye dirigenten hadde spennande planar, særleg når det galdt repertoar. Vi våga oss ut på nye vegar, og songane blei mykje meir varierte.

I 2010 kom det største skiljet, då koret framførte sin første kabaret: «Håtta du», med songar av Tora Vestbøstad. Dette var eit stort løft, men songarane vart ikkje skremde, tvert imot, dei ville ha meir av dette, og det fekk dei: «De´ mann for eit kast», «Norge rundt»,

«Prøysen og Bye» og «Ønskekonserten». Alle kabaretane vart suksessar og skaffa koret pengar i kassa. I 2018 måtte vi sei farvel til Osternes skule som øvingslokale, og vi fekk betre plass i Kultursalen.

Corona-epidemien virka på oss som på alle andre, og det blei «stille i salen» i 2 år. Men i 2023 starta vi på med godt mot, og denne haldninga har vi sjølv sagt framleis, når vi no er inne i 90 års jubileumsåret. Vi får - og tar imot - stadig nye utfordringar frå vårt dyktige leiarteam; dirigent Ole Cristian Ottestad og pianist og arrangør Svein Tørnquist. Og no gler vi oss til jubileums-konserten 23. november, der publikum får høyra mykje av det kjekkaste og flottaste koret har presentert gjennom 90 år!

Fitjarhelg på Solgry

Planlegginga av Fitjarhelga på Solgry er godt igong, og me håpar at mange har lyst å bli med i år òg.

Temaet blir «Med Jesus i kvardagen». Det blir mange kjekke samlingar, og god tid til å vera saman både ute og inne.

Årets leirsong:

*Jeg vil gå – ut og gå,
for jeg kjenner at det kribler nå.
Gud har lagt en egen vei,
full av muligheter foran meg.
Hver eneste dag er et eventyr,
der overraskelser og spenning kryr.*

*Bibelen er mitt skattekart,
den viser alt som jeg kan finne.
Veien kan være kronglet og bratt,
men Jesus gir meg hjelpen her inne.
Den hellige ånd er en kjempegod venn,
han trøster og hjelper meg på an igjen.
På an igjen.*



FITJARHELG
på Solgry
25.-27. oktober
2024

Bli med på leir saman med andre kjekke folk frå Fitjar 😊

Det blir ulike samlingar:
- noko for både kropp og sjel
- god tid til å berre vera saman
- både inne og ute
- på tvers av generasjonane
ALLE er velkomne!

Om ein ikkje får til å melda seg på digitalt kan ein ta kontakt med Ellen Rolfsnes på tlf 91 51 02 19

Arr.: Fitjar indremisjon og Fitjar kyrkje

Påmelding innan 13. oktober 2024 via facebookhendinga «Fitjarhelg på Solgry 2024», heimesida til Fitjar indremisjon eller heimesida til Fitjar kyrkje. (Påmeldinga opnar 01.09.24)

Soknerådet kan dekkja utgiftene til turen, heilt eller delvis, for dei som har behov. Ta kontakt med sokneprest Olav Oma (tlf. 906 38 825) for meir informasjon.

Tur til Fitjar og spelet om Håkon den gode 30.8-1.9.2024

Når ein er fødd på Fitjar og har hatt barndommen sin her, så har ein fått Håkon den gode inn med morsmjølka. Den gamle kongen har blitt ein del av livet, og derfor har det vore viktig å få med seg dei spela som lokalsamfunnet har laga om den gamle kongen vår, som har hatt så stor betydning for alle ekte Fitjarbuar.

Aud Jorunn Bjørlykke

På skrive som me fekk utdelt ved inngangen, står det: «De skal no få sjå ein produksjon som eksisterer berre fordi Fitjarbuen har slost for at Håkon den gode si historie igjen skal bli fortalt her på Fitjar. Ein dugnadsgjeng utan like har skrive manus, snekra, sydd, bakt kaker, funne ting på loft og i kjellar, køyrt overalt, og sett av fritida si - ja, sjølv sin eigen hage - for å få til dette. Her er dei på scenen, og dei er bak scenen, og denne gjengen kan berre seia ja. Eg er stolt og kjenner at det er ei æra å få vera ein del av dette. Eg håpar at me gir Fitjarbuen si historie den respekten ho fortener og at førestillinga får eit lang liv her i Moahagen. Vennleg helsing regissør Monika Bjerke»

Ja, det vart verkeleg ei oppleving. Det fine veret slo til for fullt, og eg kan knapt huske at eg har opplevd ein så stille kveld på Fitjar. Scena var ein del av naturen rundt ei treklynge, og lyssettinga var fenomenal i denne flotte, siste dagen i august. Mørket kom og fekk fram ei trolsk og naturleg stemning. Og det var i Moabakkjen og i området rundt Larsokhølen, der me bada mykje i barndommen, dei hadde bygd denne scena. Litt dumt at hølen er borte, men viss det kan bli staden for god kultur her, så er det kanskje verd å ofre denne badedammen.

Og spelet var godt. Me fekk følgje Håkon nærmast frå han vart unnfanga på Moster, foreldra var Tora Mosterstong og faren Harald Hårfagre, gjennom barndommen på Fitjar og hos Adelsteinfostre i England, og til slutt i slaget på Fitjar i 961. Då fekk han banesåret sitt.

Det som var spesielt flott i denne forestillinga var kampen mellom dei gamle gudane og Kvitekrist. Det var så livaktig og ekte framstilt at eg nesten ikkje finn ord for det. Ein kveld eg aldri kjem til å gløyme.



Søndagsskulens dag

8. september var det søndagsskulens dag, med familiegudsteneste i kyrkja og ulike aktivitetar på bedehuset etterpå.

Her kunne ein prøva både hoppeslott, lykkehjul, pilkast, ringkast, radiostyrte bilar, sporleik, godteglas-tipping m.m. I tillegg var det sal av pølser i brød, brus, popcorn, kaffi, bollar og kake.

Foto: Ole Sandvik og Helga Rimmereid





Vidare

Sirka ein gong i månaden er det samling for ungdom frå 10. trinn og oppover i kyrkjestova på loftet! Me har valgt å kalle det VIDARE, fordi dei er komne litt vidare enn konfirmantane! Samlingane har god tid til den gode praten rundt bordet, og det er noko godt på bordet. Matfellesskapet er viktig. Ofte er det kvelds, nokre gonger bollar eller vaflar og innimellom er det pizza.

Randi Lønning Matre

Så høyrer det med ein andakt. Der tar me ofte opp eit tema, som for eksempel skapinga og vitenskapen, eller meininga med livet, eller tema ungdommane ønsker å ta opp. Det er tid til samtale og spørsmål om det dei måtte lure på. Og så har me ofte ein leik eller aktivitet.

Når nettene er lange og kveldane mørke, skur me av alt lys inne og har nokre rundar med mørkegøymse. Det er gøy! Mange kreative gøymeplassar i kyrkja. Og det er om å gjere å vere heilt i ro, slik at den som leitar, ikkje høyre pusten ein gong. Etter nokre rundar med leik, samlast me rundt lysgloben og tenner Kristuslyset i ei svart kyrkje. Og så tenner me kvart vårt lys og set det i globen. Lyset fortrengr mørket. Det blei eit veldig sterkt symbol. Saman skin me både sterkare og klårare.



Her er eit glimt frå ein kveld med mørkegøymse på Vidare



Mange ungdommar på Tentreff på fredagskveldane

Tentreff

Ungdomsklubben Tentreff har lenge vore klubb for ungdom på Fitjar bedehus. I haust samlar fredagskveldane over 50 ungdommar. Dei er frå 8. trinnet og oppover. I haust er det fleire som går på vidaregåande, og nokre er lærlingar. Mange har gått der sidan 8. trinnet og trivst veldig godt på Tentreff.

Randi Lønning Matre

Kvelden startar med samling i storsalen med song, andakt og brustrekking. Ja, kvar einaste fredag er det ein ungdom som vinn ein brus. Alle andre kan kjøpe brus i kiosken, eller dei kan kjøpe seg ein taco eller hamburger, alt etter kva som er på menyen den kvelden. Maten er god, og det er kjekt å ete god mat i lag, seier nokre av ungdommane eg har snakka med. Og så er det alltid brus og sjokolade å få kjøpt i kiosken, - det er jo helg. Og for ein start!

For meg som leiar er det kjekt å henge med ungdommen, og eg syns eg er heldig som får spele ein runde eller to Ligaretto med dei. Det går litt langt mellom kvar gong eg vinn, men det er vel slik det skal vere. Eg har jo registrert at det er ikkje berre eg som har konkurransEinstinkt. Det er fint å kunne ta seg ein tur ned i kjellaren og utfordre ein medleiar i shuffleboard. Kanskje det går min veg...?

I kjellaren er det mykje å finne på, og det nyaste her er shuffleboardet og dart-spelet. Samtidig er biljardbordet flittig i bruk, og kanskje mest utan køen i eit spel kalla oransjeball.

Eg har spurt nokre av ungdommane kva dei likar best med Tentreff, og dei svarar: «Det er kjempekjette aktivitetar og spel» og «Det er fint å ha ein plass der eg treff venner og andre ungdommar». «Det er god stemning»

Dei seier og at det som er kjekkast å finne på, er kortspel eller «rykte går», for då kan me spele så mange i lag. Ein annan seier at det er mange ting som er kjekt, men kanskje oransjball er ein favoritt. Det har iallfall vore mange kjekke fredagskveldar rundt biljardbordet. Og her må forfattar seie seg einig, sjølv om her var det sjeldan at eg nådde førsteplassen.

Det er eit flott og meningsfylt arbeid å få vere med å laga gode møtepunkt for ungdom, der me får vere med å fortelle om Jesus. Ungdommane seier det er veldig bra og fint med andakt på Tentreff. Det er kjekt å få høyre på mange ulike andaktshaldarar som fortel om Gud, Jesus og trua.

Velkommen på Tentreff for alle ungdommar, for her er det digg å vera og eg gler meg heile veka til fredag og Tentreff!

PS!

Håkon Rydland Sæbø har saman med fleire medhjelparar stått for oppussing av aktivitetsrommet i kjellaren. Maling av veggjar og dører har gjort det varmare og meir koseleg å vera der.



SLUSH-kurs

Fredag 13. september og laurdag 14. september var 22 ungar/ungdomar samla til SLUSH-kurs på Fitjar be-
dehus. SLUSH står for SprellLevendeUngeSøndagssko-
leHjelpere, og det var Fitjar søndagsskule, i samarbeid
med Horneland søndagsskule, som arrangerte kurset.

Helga Rimmereid

Deltakarane var i alderen 5.- 8. klasse og kom frå heile
øya. 10 stk var frå Fitjar søndagsskule, 4 stk frå Tysdag-
sklubben i Øvrebygda, 5 stk frå Hystad søndagsskule
og 3 stk frå Horneland søndagsskule. Kurshaldarar var
Sigbjørn Pedersen og Jannicke K. Ludvigsen frå Søn-
dagsskolen Norge, som stilte med nytt, revidert kurs-
opplegg. Det vart to spennande og lærerike dagar med
fokus på Bibelen, Jesus, bøn, praktiske oppgåver, futt
og fart, sprell og smell og mykje god mat. Eit av hovud-
måla var at ungane/ungdomane skulle få oppleva at
dei er unike og viktige, og at dei har mykje å bidra med.
Kurset var både kjekt og verdifullt i seg sjølv, og forplik-
ta ingen ting, men alle som deltok har i ettertid fått til-
bod om å vera med som hjelpeleiar i sin søndagsskule/
tysdagssklubben.



Temakveldar i haust

Temakveldane i haust starta 26. september med Svein Arne Theodorsen og temaet «Humor i kyrkja».

Humor er ein viktig del av livet - «som ein arv frå far min», seier avtroppande prost i Sunnhordland. Theodorsen ser gjerne etter humoristiske sider ved livet og med si jobberfaring som prost. På temakvelden tok han for seg døme på ulike sider ved livet i kyrkja som gudsteneste, dåp, nattverd, forkyning, vigsel og gravferd.

Temakveld 31. oktober

Gunnar Kartveit

Forbruk eller takksemd?

Tankar kring klima, forbruk og rettferd

Denne kvelden kjem Gunnar Kartveit til temakvelden for å snakka om nokon av notida sine viktigaste spørsmål.

Gunnar Kartveit har førstehands kjennskap til dette temaet gjennom 30 års arbeid i Kirkens Nødhjelp, ein norsk bistandsorganisasjon som jobbar i over 30 land med naudhjelp, langsiktig utviklingsarbeid og politisk påverknad. Kjennskapen kjem frå reiser til dei ulike landa, og gjennom alle desse åra har han som konsulent besøkt norske kyrkjelydar for å formidla kunnskap om arbeidet KN driv.

I pensjonisttilværet har han vore aktiv i Besteforeldrenes klimaaksjon, samtidig som han er soknerådsformann i Radøy.

Temakveldar hausten 2024



31. oktober

Gunnar Kartveit

Forbruk eller takksemd?

Tankar kring klima, forbruk og rettferd

28. november

Koret Stemmer med dirigent Tore Kloster

Adventskonsert



Temakveldgruppa/soknerådet

Temakveld 28. november

Koret Stemmer med dirigent Tore Kloster

Adventskonsert

Som avslutning på haustsesongen vert det konsert med variert, klassisk korrepertoar. Koret Stemmer kjem frå Bergen, og med seg har dei Tore Kloster, songar og dirigent som er vel kjend i Sunnhordland, der han opphavleg kjem frå. Han starta koret i 2018, og dei har alt markert seg svært positivt både heime og i utlandet. Frå våren 2023 har dei motteke Elitekor-midlar frå Bergen kommune, noko som burde garantere for høg kvalitet. Dei har og gitt ut cd, Sumarkveld ved fjorden.

Denne kvelden vert ei flott innleiing til adventstida, ikkje la høvet til ro og musikalsk oppleving gå frå deg!

Lukko

(Oskar Stein Bjørlykke)

Lukko, hu kan no vera sjelden, hu.

*Men av og te når hu kjeme tuslande te
meg på sokkaleisten, ein sånn heilt
alminnelege dag, så seie eg da no òg:*

Har du kanskje vore her heila tido, du?



Konfirmantane får mat til kropp og sjel



Frå presentasjonsgudstenesta - Foto: Ole Sandvik

Kvar gong konfirmantane har undervisning i kyrkjestova, er damer frå Bygdekvinnelaget klare med nysteikte rundstykke til dei. Ungdommane er glade og takksame for å få eit godt måltid før undervisninga tek til. Dei kjem rett frå skulen og er ofte svoltne. Dette tiltaket er også svært meiningsfullt for dei som bakar rundstykke og dekker bord for konfirmantane.

Randi og Olav synst også dette er ein fin start på undervisninga.

Marie Willemse



Foto: Randi Lønning Matre

SØNDAGSSKULE

på Fitjar bedehus Kl. 11.00 til Ca Kl. 12
stort sett dei søndagane det ikkje er familiegudsteneste i kyrkja
Song, lystenning, bøn, Bibelforteljing og aktevitetar
(Frå 2-3 år og oppover til ca 8. Klasse)

Hausten 2024:

- 8.09 Søndagsskulens dag (sjå plakat/annonse)
- 15.09 Søndagsskule 
- 22.09 Søndagsskule 
- 29.09 Familiegudsteneste – ikkje sønd. sk.
- 06.10 Søndagsskule
- 13.10 Familiemøte Kl. 17.00 (sjå plakat/annonse)
- 20.10 Familiegudsteneste – ikkje sønd. sk.
- 27.10 Fitjarhelg på Solgry - ikkje sønd. sk.
- 03.11 Søndagsskule
- 10.11 Søndagsskule
- 17.11 Familiegudsteneste – ikkje sønd. sk.
- 24.11 Søndagsskule 
- 1.12 Adventsfrukost Kl. 11.00
- 29.12 Julefest Kl. 16.00 (sjå plakat/annonse)

I tillegg er det SLOSH-kurs 13.-14. september (sjå plakat/annonse)

Følg oss gjerne på Facebook for ferske oppdateringar/påminningar.



ALLE ER VELKOMNE !

Arr.: Fitjar søndagsskule

Gåve til kyrkjebladet

Me håpar du vil vera med og gje viktig støtte Fitjar kyrkjeblad.
Kyrkjebladet kjem ut 4 - 5 ganger i året og vert distribuert til alle husstandane i Fitjar.
Bladet vert og lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkjelyd: www.kyrkja.no/fitjar

Utgiftene til trykking og distribusjon av bladet vert dekket av gaver og annonseinntekter.
Alt anna arbeid med bladet vert gjort av frivillige i kyrkjelyden.
Du kan betala gåva til bankkonto eller via Vipps. Merk gåva med "Kyrkjebladet"
Gåver til kyrkja på meir enn kr. 500,- pr. år gjev rett til skattefritak.

Takk for at du er med og støttar arbeidet i Fitjar kyrkje!



**Du kan gje ei gåve
til kyrkjebladet på:**

**Kontonr:
3546.29.05805**

**Vipps:
#809255**

Olav J. Oma
sokneprest

Svein Lunde
soknerådsleiar

Harald Rydland
kyrkjeverje

Kvittering

Innbetalt til konto

Beløp

Betalerens kontonummer

Blankettnummer

Betalingsinformasjon

Gåve til kyrkjebladet

GIRO

Underskrift ved girering

Betalings-
frist

Denne blanketten kan ikkje brukast til brevgiro

Betalt av

Betalt til

Fitjar sokn
Postboks 10
5418 Fitjar

Belast
konto

Kvittering
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

< >

3546.29.05805

III GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND

Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as

ELON fagmøbler

Duo

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre: 9-16

Ons-tor: 9-18

Laurdag: 10-14

Tlf. 53 49 79 72

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS

Kjærelvvegen 55

5419 Fitjar

www.leroyseafood.com

Stord
Begravelsesbyrå

Tlf. 53 41 64 05

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS

Postboks 11, 5418 FITJAR

Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinne
lag

Fitjar
Bygdekvinne
lag

FBS
FITJAR BYGDASERVICE SA
BRØYTING - TREFELLING
Tlf: 53 27 72 01 KARL ANDRÉ: 53 27 03 13



KRÅKO GJESTETUN

Telefon:

53 22 26 20 / 414 28 038

E-post:

post@krakogjestetun.no



OPNINGSTIDER

Mån, tirs, fre: 9-16

Ons, tors: 9-18

Laur (kun drop-in): 10-13

Treff oss 1 2. etg

i Larsen bygget

For timebestilling ring:

53 49 78 90

Fiks frisyren
hos oss!



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar

90 12 02 81

Vesthaugane

www.vesthaugane.no

Telefon: 91 82 41 58



Engesund

Fiskeoppdrett

Visingssenter

Mobilnr: 951 89950



Bakken
Fitjar Soknerådsbarnehage

Kontaktinfo:

Serina Sørfohn

902 27 978

WAAGE ANLEGG

www.waageanlegg.no

inge@waageanlegg.no | Tlf: 958 86 390



Interflora

Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00

www.interflora.no

Blomster - Gaver - Gravsteiner

it **TVEIT**
Faglig tyngde og
godt humør

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



FITJAR
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

SPAR



KVERNENES
BÅTBYGGERI

Kalveid 27, 5419 Fitjar
Tlf: 940 39 639 - baatbygg@kvernenesbaat.no

VB
VARMER & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



FOTTERAPEUT
med diabetes forjupning

Liv Heidi Kolbeinsvik

Ring meg på 970 47 907

Klinikk i 3. et. i Larsenbygget - Fitjarsjøen 18



Videoen
Kiosk



Engevik &
Tislevoll a.s
MESTERHUS

Telefon:
53 45 73 00
E-post:
post@engevik-tislevoll.no

VERDIG GRAVFERD

Vakttelefon: 91 80 00 40



AUT. ELEKTROENTREPRENØR - 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 - MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

progreen
AQUA PRODUCTS

Havnavegen 90, Fitjar
www.progreen.as

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvågv. 700



DANIEL TISLAVOLL

post@oyabygg.no

456 67 418

Ledig annonseplass

Slekters gang

Døypete:

28.07.

Josefine Aarre Aarbø

04.08.

Lene Tveita Vik

11.08.

Emma Louise Guasco Oma

01.09.

Talia Thuestad Kannelønning
(Stord kyrkje)

Vigde:

06.07.

Susanne Hansen og
Magne Koløen

10.08.

Siv Marita Helland og
Svenn Skumsnes

24.08.

Janne Vågen og
Jon Sigve Opheim

Jordfeste:

Leif Helland Hovstad

f. 14.11.1938 - d. 21.06.2024

Hlynur Þór Eiriksson

f. 20.07.1977 - d. 22.06.2024

Mikal Arthur Storevik

f. 03.07.1955 - d. 11.07.2024

Liv Bod

f. 11.09.1951 - d. 24.07.2024

Sigrun Thorland

f. 28.10.1929 - d. 07.08.2024



Frå Solgry-helga i fjor - Foto: Rolf-Atle Rolfsnes

Gudstenester

<u>Dato</u>	<u>Kl.slett</u>	<u>Kyrkjeår/merknad</u>	<u>Prest</u>	<u>Takkoffer formål</u>
06.10.	kl.11:00	20.s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt
13.10.	kl.11:00	21.s. i treeiningstida	Roald Drønen	kyrkjelydsarbeidet
20.10.	kl.11:00	Hausttakkefest	Olav J. Oma	TV-aksjonen
27.10.	kl.11:00	Bots- og bønndag	Sven Harald Nilsen	Solgry
03.11.	kl.11:00	Helgemessesundag	Olav J. Oma	Diakoniarbeidet
10.11.	kl.11:00	25.s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Stefanusalliansen
17.11.	kl.11:00	LysVaken	Olav J. Oma	Klubben
24.11.	kl.11:00	Domssøndag	Sven Harald Nilsen	Kyrkjelydsarbeidet
01.12.	kl.19:00	Lysmesse	Olav J. Oma	Tentreff
08.12.	kl.11:00	2.s. i adventstida	Olav J. Oma	Normisjons-foreningane sine misjonsprosjekt
	kl.18:00	Julekonsert		
15.12.	kl.11:00	3.s. i adventstida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet